

SAMMEN
OM



Miljøløftet

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møterom: Helsehuset, Alver kommune

Tidspunkt: kl. 09.00-12.00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 15.mars 2023

Saksliste byvekstavtale bergensområdet

- Sak 30/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 31/23 Godkjenning av to referat frå møter i styringsgruppa 18.01, og 22.02.2023
- Sak 32/23 Gjennomføring av E16 kollektivtiltak i Foreningsgaten
- Sak 33/23 Forslag til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027
- Sak 34/23 Trafikk på E39 Svevatjørn-Rådal og sidevegane etter opning
- Sak 35/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 36/23 Bypakke Bergen: Planleggingskostnader Bybanen 5
- Sak 37/23 Bypakke Bergen: Oversikt over inntekter og utgifter i bompengapakken
- Sak 38/23 Bypakke Bergen: Vestland fylkeskommune ber om at eiga løyving til førebuande arbeid på Bybanen BT5 vert tilbakebetalt gjennom bompengar
- Sak 39/23 Bypakke Bergen: Innspel til Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036
- Sak 40/23 Eventuelt bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

Sak 30/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.

Sak 31/23 Godkjenning av referat frå møter i styringsgruppa 18.01.23 og 22. 02.23

Sjå vedlegg 1 og 1a

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

Sak 32/23 Gjennomføring av E16 kollektivtiltak i Foreningsgaten

Sjå vedlegg 2

Prosjektet E16 Olav Kyrres gate opna for trafikk i mai 2021. Då stod det att noko mindre arbeid, som skal utbetrast i 2023.

På grunn av privat ombygging kunne ikkje kryssløysinga mot Foreningsgaten ferdigstillast som del av prosjektet E16 Olav Kyrres gate. Dette arbeidet er no prosjektet E16 Kollektivtiltak Foreningsgaten.

Det er Statens vegvesen si vurdering at dette prosjektet kan både finansierast og gjennomførast innanfor rammene i prosjektet E16 Olav Kyrres gate. Her blir det føreslått at prosjektet E16 Kollektivtiltak Foreningsgaten blir tatt ut av porteføljen til Miljøløftet som eget prosjekt, og at tiltaket blir gjort ferdig innanfor gjeldande rammer til Olav Kyrres gate.

Forslag til vedtak: Prosjektet E16 Kollektivtiltak Foreningsgaten ferdigstillast innanfor disponibel ramme til prosjektet E16 Olav Kyrres gate, og lysast ut som ein del av utlysinga for E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken-Glass Knag, med gjennomføring i 2023.

Sak 33/23 Forslag til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027

Sjå vedlegg 3 og 3a

Saka er ei oppfølging av fleire saker som vedgår rullering av handlingsprogram 2024-2027 (seinast sak 28/23 i prioriteringsrådet 10.mars, og sak 19/23 i styringsgruppa 22. februar). Jamfør tidsplanen skal styringsgruppa vedta handlingsprogram i balanse i gjeldande møte, 22. mars.

Notatet som ligg ved, er utarbeidd basert på dei innspela som har blitt gitt i handsaminga av handlingsprogrammet til no. Som eit utgangspunkt for vidare diskusjon, har sekretariatet her føreslått eit handlingsprogram i balanse. Ulike diskusjonspunkt og prioriteringsgrep blir presenterte i notatet. Oppsummeringstabellen til slutt vil danne utgangspunktet for diskusjon og handsaming i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027, i tråd med konklusjonane i møtet. Sekretariatet gjer naudsynte tilpassingar, mellom anna å indeksjustere til forventa 2024-kr. Handlingsprogrammet 2024-2027 og prosjektportefølje blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2023.

Styringsgruppa stiller seg bak disponeringa av Belønningsmidlar i 2023 i tråd med tabellane 9-13.

Sak 34/23 Trafikk på E39 Svevatjørn-Rådal og sidevegane etter opning

Det har vore knytt stor merksemd til utviklinga i trafikken mellom Bjørnafjorden og Bergen kommunar etter opninga av E39 Svevatjørn-Rådal. Statens vegvesen har sett på trafikkdata frå tellepunkt og registrerte passeringar i bomstasjonane før og etter opninga av prosjektet. Saka vert presentert i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 35/23 Eventuelt byvekstavtale bergensområdet

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 36/23 Bypakke Bergen: Planleggingskostnadar Bybanen 5

Sjå vedlegg 4

Bergen kommune arbeidar med ein ny, oppdatert kostnadsprognose for planleggingsarbeidet for Bybanen 5.

Forslag til vedtak:

Sak 37/23 Bypakke Bergen: Oversikt over inntekter og utgifter i bompengepakka

Sjå vedlegg 5

Etter at Handlingsprogram 2023-2026 vart vedteken, har det vore fleire endringar knytt til bompengebrauk. Denne saka er ei oppfølging av sak 89/22 i styringsgruppa til Bypakke Bergen, der sekretariatet spurte etter eit oppdatert budsjett for bompengepakka 2023.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 38/23 Bypakke Bergen: Vestland fylkeskommune ber om at eiga løyving til førebuande arbeid på Bybanen BT5 vert tilbakebetalt gjennom bompengar

Sjå vedlegg 6

Saka er ei oppfølging etter møtet i styringsgruppa for Bypakke Bergen 9/22, 16. desember. Behov for finansiering til førebuande arbeid av bybanens byggetrinn 5 blei handsama i sak 89/22. Saka har óg vore handsama i Prioriteringsrådet. Då vart det bede om at det blir gjort synleg kva pengane skal brukast til. Bruk av bompengar må kunne dokumenterast og sporast.

Saka er ei presisering av fylkeskommunen sine forventningar om at 29 mill. kroner som allereie er løyvde til nødvendig oppstartarbeid blir sett på som del av dei samla prosjektkostnadene, og med det blir finansiert gjennom bompengeuttak.

Prognosane for det samla bompengeuttaket i 2023 er usikre. Derfor ønsker fylkeskommunen å vente med rekvireringa til slutten av 2023, og eventuelt vente til tidleg i 2024, ved behov.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Bypakke Bergen sluttar seg til forslaget og at Vestland fylkeskommune dermed kan rekvirere bompengar pålydande 29 millionar kroner, for å dekke prosjektkostnadene til byggetrinn 5.

Sak 39/23 Bypakke Bergen: Byggetrinn 5 og NTP-prosessen

Statens vegvesen har gjennom vinteren levert fleire bidrag til utgreiings- og prioriteringsoppdraget til NTP. Eitt av oppdraga var knytt til finansieringa av Bybanen til Åsane (BT5), og vurdering av potensialet for delfinansiering av Fløyfjelltunnelen nord med bompengar. Statens vegvesen informerer i møtet om dei vurderingane som er gjort, og om prosessen fram mot offentleggjering av prioriteringsoppdraget frå transportetatane 31. mars.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 40/23 Bypakke Bergen: Eventuelt